

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 28.10.2020
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim og Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/5347

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
18.12.2020

STYRESAK:
080/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport om forskings –og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde. Ein utfyllande rapport, som omfattar kva vi har arbeidd med innan forskning og innovasjon sidan førre rapportering til styret i juni, ligg ved.

Korona-pandemien har også fått følgjer for forskings –og innovasjonsaktiviteten, og fleire prosjekt er vesentleg forseinka. Det er likevel god driv i arbeidet innan desse felta, og vi legg opp til ei gradvis opptrapping av aktiviteten også neste år.

Fakta

Klinisk behandlingssforskning

Helse Førde har dei siste åra arbeidd målretta med å få opp eit system og ressursar rundt kliniske legemiddelstudiar, og det vart tilsett ein studiekoordinator tidlegare i haust.

Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar og pasientar frå heile landet, skal få tilbod om å delta i klinisk behandlingssforskning, også kalla kliniske behandlingssstudiar. Utprøving av legemiddel er dei mest vanlege kliniske behandlingssstudiane. Deltaking i slike studiar gjev pasientar høve til å få utprøvande behandling.

Studiekoordinator deltek i ei nasjonal gruppe som arbeider med å harmonisere prosessane for oppstart av legemiddelstudiar (oppdragsforskning) i alle helseføretaka. Det har over lenger tid vore ein negativ trend i tal kliniske studiar i landet. Noko av årsaka er at det er tidkrevjande og kompliserte prosessar for å komme i gang med slike studiar her til lands.

Helse Førde har også kome med innspel til den nasjonale handlingsplanen for klinisk behandlingssforskning som Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med.

Evaluering av dei strategiske forskingssatsingane og vegen vidare

Dei tematiske forskingssatsingane «Folkehelse, livsstil og overvekt» og «Psykisk helse og rus» har vore gjennom ei ekstern evaluering i ein uhilda vurderingskomitè, i tråd med forskings – og innovasjonsstrategien i Helse Førde 2020-2025. Tilbakemeldingane var gode, og viser at dei interne ressursane Helse Førde har sett av til forskning også har gitt bra avkastning på eksterne midlar. I tillegg peikar komitèen på at satsingane er klinisk relevante og bidreg til å finne ny kunnskap for å kunne førebygge og behandle lidningar knytt til både psykisk helse og rus og overvekt.

Komitèen rår til at satsingane vert forlenga i ytterlegare fem år for sikre berekrafta i miljøa ein allereie har, i tillegg til å utvikle ei tredje satsing i somatikken. Det er sett i gang ein

prosess både med vidareføring av dei eksisterande satsingane, og utvikling av ei tredje satsing.

Status søknader

Det kom inn 15 søknader til dei utlyste interne forskingsmidlane for 2021. Sju søknader er nye. Søknadene er under vurdering og tildeling vil skje i desember.

Hausten 2020 vart det sendt fem forskingssøknader til Helse Vest. Tre av desse er nye. Det er søkjarar frå alle klinikkane. Dei siste åra har HFD sendt mellom fem og åtte søknader. Vi fekk ingen nye tildelingar i årets utlysing, men har fire pågåande prosjekt finansert av forskingsmidlar frå HV.

Innovasjon

Helse Førde arbeider for å styrke innovasjonsarbeidet i organisasjonen og samarbeidet med utdanningssektoren og næringslivet om dette. Vi har ei felles rådgjevarstilling med Høgskulen på Vestlandet og nært samarbeid med Kunnskapsparken Vestland. I 2020 har vår første trainee frå Framtidsfylket vore tilsett for å arbeide med innovasjon. Nedanfor nemner vi nokre element frå innovasjonssatsinga.

Bruk av drone i helsevesenet

Prosjektet «Bruk av drone i helsevesenet» er inne i ein spanande fase. I denne tredje fasen er Airlift Solutions AS <https://www.airliftsolutions.no> prosjektleiar. Samarbeidet er formalisert gjennom ein innovasjonskontrakt om offentleg – privat samarbeid, og Innovasjon Norge har gitt midlar til prosjektet. Alle føretaka i Helse Vest og Helse Vest RHF deltek som partnarar i kontrakten.

Første skisse til drona er klar til å byggjast, og skal så testast ut. Airlift Solutions har gått saman med norske underleverandørar for å utvikle dronen, og den skal vere tilpassa krava til tryggleik og luftfart, og behova til helsetenestene. Det er mål om å gjere testflygingar på definerte ruter i løpet av 2022. Det er etablert tverrfaglege arbeidspakkar, og målet er at prosjektet etter kvart skal involvere deltakarar frå helseføretak i heile Noreg.

Helseinnovasjonskonferansen 2021

Helseinnovasjonskonferansen 2021 vert arrangert 28. januar som ein digital konferanse. Vi har søkt om og fått innvilga 250 000 kroner frå Norges Forskningsråd til arrangementstøtte. Som ved førre konferanse er målet for arrangementet å skape ein tverrsektoriell møteplass med fokus på innovasjonspotensial knytt til helsesektoren. Sidan konferansen vert digital, vil den kortast ned i tid samanlikna med sist, og vi ser om det er høve til å legge opp til parallellsesjonar for å auke relevansen for fleire.

Medlemskap i Norwegian Smart Care Cluster

Helse Førde har søkt medlemskap i helseklynga Norwegian Smart Care Cluster (NSCC). Målet med helseklynga er å bygge norsk helseindustri i partnerskap med offentlege og private bedrifter, og auke kunnskapen på tvers av sektorar. NSCC har over 200 medlemmer frå heile landet. Det er ei blanding av private bedrifter og offentlege aktørar, mellom dei Helse Stavanger. Klynga er ein fin arena for å danne nettverk, auke innovasjonskompetansen og bidra til å synleggjere Helse Førde sin innovasjonsaktivitet.



Norwegian
Smart Care
Cluster

Kommentarar

Koronapandemien har hatt følgjer også for forskings –og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde. Fleire prosjekt er betydeleg forseinka, medan andre prosjekt har fått vind i segla under pandemien. Appen «Pust Deg Bedre» (omtala i styresak 043/2020) vart brått svært aktuell då lungesjuka pasientar ikkje kunne møte til behandling på sjukehusa. Appen er no lasta ned nesten 2000 gongar sidan påske, og den tilhøyrande nettsida www.pustdegbedre.no har hatt omlag 1500 unike brukarar.

Prosjekta som er forseinka grunna covid-19 vil søkje om overføring av interne midlar til 2021. Dette er i tråd med retningslinjene til Helse Vest. Alle prosjekta dette gjeld er i medisinsk klinikk. Også tre eksternfinansierte prosjekt er forseinka og vil søkje om overføring av midlar til 2021.

Trass i utfordringar knytt til koronapandemien vil vi gradvis auke aktiviteten også utover i 2021.

Opptrapping av forskning har gitt resultat ved auka aktivitet og fleire publikasjonar. Psykisk helsevern har hatt god progresjon dei siste åra. Men det er framleis uro knytt til for lite forskning i dei somatiske avdelingane og især i dei kirurgiske fagområda. Strategi for forskning og innovasjon (2020-2024) som nyleg vart vedteken peikar på dette, og det vert no sett i gang arbeid med handlingsplan for iverksetjing av denne.

Innan innovasjon vil vi halde fram målretta arbeid med å skape kultur for innovasjon i heile organisasjonen, og ser fram til mellom anna å kunne besøkje lokalsjukehusa når pandemien har roa seg.

Helseatlastenesta i Helse Førde arbeider med analysar til emneområdet «*Helseatlas for somatisk behandling ved psykiske lidingar. Oversikt og analyse av somatiske spesialisthelsetenester for pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i Noreg 2015-2019.*» Kunnskapen frå helseatlasen vil, saman med annan kunnskap knytt til somatisk helseteneste for pasientar med psykisk lidning og/eller ruslidning, bidra til større merksemd på forskjellane og dermed medvit om kva tilbod ein gir desse gruppene.

Kunnskapen kan vidare bidra til målet om ei betre ivaretaking av somatisk helse for pasientane, og eit meir likeverdig tenestetilbod for pasientane i heile landet.

Samhandlingsbarometeret arbeider med å komme over på ein ny plattform som skal gjere det enklare for brukarane å finne relevante data, samtidig som dataflyten inn i portalen skal automatiserast så mykje som råd. Samhandlingsbarometeret vil kunne vere ein viktig bidragsytar for å etablere eit kunnskapsgrunnlag som helsefellesskapa kan dra nytte av.

Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram statusrapport for forskning og innovasjon. Trass i eit krevjande år grunna korona har forskings –og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde vore relativt god, og vi legg opp til å halde fram med den gradvise opptrappinga også neste år.

Vedlegg:

Halvårsrapport for 2020 Forsking og innovasjon i Helse Førde